

# Månedsrapport august 2020

## Stryn

---

### Innhald

Føreord .....	2
Koronavirus-pandemien 2020.....	2
Oppsummering av status 2. tertial.....	3
Sjukefråvær .....	3
Status investeringar pr. 2. tertial 2020 .....	4
Investeringar Sentraladministrasjonen .....	4
Investeringar Teknisk .....	4
Sentraladministrasjon .....	5
Status økonomi.....	5
Kommentar til status økonomi.....	5
Status økonomiplantiltak .....	5
Skule og kultur.....	7
Status økonomi.....	7
Kommentar til status økonomi.....	7
Status økonomiplantiltak .....	8
Helse og sosial .....	9
Status økonomi.....	9
Kommentar til status økonomi.....	9
Status økonomiplantiltak .....	10
Teknisk.....	11
Status økonomi.....	11
Kommentar til status økonomi.....	11
Status økonomiplantiltak .....	11

## Føreord

Tertialrapporten er kommunen sin tilstandsrapport per 31.08.2020. Rekneskapen er vurdert mot årets budsjett og forventa forbruk ut i frå periodisering.

Formålet med rapporten er å gje politikarane og innbyggjarane ei oversikt over korleis etatane og avdelingane klarer å halde dei økonomiske rammene som er gitt for dei 8 første månadane.

Utarbeiding av tertialrapportar er ein metode for formell budsjettgjennomgang undervegs i budsjettåret. I tillegg blir det innanfor dei ulike kommunale avdelingane gjennomført jamlege og hyppige oppfølgingar av forbruket sett opp mot budsjett og periodisering. Periodisering av budsjettet er hovudsakleg basert på lik fordeling over 12 månadar, men dette stemmer ikkje i alle tilfeller. Nokon utgifter og inntekter vil vere kvartalsvis, halvårleg osv, og dermed blir det vanskeleg å gjere heilt nøyaktige framstillingar av situasjonen, men etatane og avdelingane har godt oversyn over dei respektive ansvarsområda, og «avvik» blir kommentert.

Tertialrapportane saman med årsrekneskapen utgjer dei rekneskapsrapportane som kommunestyret skal handsama i løpet av eit år.

## Koronavirus-pandemien 2020

Året 2020 har vore prega har koronavirus-pandemien.

Slik vi ser det har Stryn kommune førebudd seg godt på å handtere situasjonen. Vi var ein av dei kommunane som var først ute med smitta innbyggjarar, noko som førte til at vi raskt måtte sette igang lokale tiltak. Vi har gjennom heile tida følgt råd og oppmodingar frå sentrale myndigheter.

Frå 1. tertial til 2. tertial har det ikkje vore noko store utbrot i Stryn kommune, og fokuset har vore på smittevern. Til tross for ein sommar med mykje besøkande i Stryn, har smitteverns reglane ført til at vi ikkje har fått noko smitteutbrot i kommunen.

Stryn kommune vil også vidare følge dei retningsliner vi får frå sentralt hald. Situasjonen er pr. no meir oversiktleg og vi må nytte høve til å planlegge vidare ut i frå ulike smittesenario ein kan stå ovanfor no som samfunnet sakte, men sikkert opnar seg meir. Korleis situasjonen vil bli vidare gjennom året og neste år gjenstår og sjå, men vi følar at vi står godt rusta som kommune og handtere dette.

### Økonomiske konsekvenser:

Kommunen merkar økonomiske konsekvensar av pandemien med reduserte inntekter og meirutgifter. Vi har fått ekstra rammetilskot som skal dekke deler av dette, men kor mykje av dei samla ekstra utgiftene og tap av inntekter dette vil dekke er enda usikkert. Regjeringa har lova kommunane at alle økonomiske konsekvensar skal dekkast, og dette må vi stole på.

Vi har også fått ekstra midlar til næringsfond, samt ekstra midlar til vedlikehald og rehabilitering i kommunane. Dette vil føre til auka aktiviteten i kommunen.

## Oppsummering av status 2. tertial

Store delar av 2020 har vore prega av mykje arbeid og utfordringar med koronavirus-pandemien. Vi ser at dette også har påverka kommuneøkonomien. Forbruket ute i sektorane er og prega av koronasituasjonen både med tanke på meirutgifter og manglande inntekter. Likevel er der god kontroll ute i sektorane. Det har vore fokus på å halde nede kostnadane der det er muleg, med tanke på tapte inntekter. Økonomiske konsekvenser koronavirus-pandemien har for kommunen og refusjonar frå staten i samband med desse er framleisavklart, men ein må ta utgangspunkt i at ein får dekka desse som lova. Vi har fått ekstra rammetilskot for å dekke deler av utgiftene ved handsaming av koronasitasjonen og det er signalisert ekstra tilskot vidare. Kor store kostnadar kommunen kjem til å ha utover 2020 i samband med korona, kjem mykje an på utviklinga, smittetrend og sentrale føringar vidare.

Kommunen har også fått tildelt ekstra midlar for vedlikehaldsprosjekt i kommunen, der desse midlane er tildelt i rammetilskotet, men kostnadane er ikkje komne.

Konklusjonen på status pr. 2. tertial er at ein ser pr. no at vi har eit meirforbruk som er på nivå med det vi hadde i fjer på denne tida. Det er enda for tidleg å seie noko om det endelege resultatet for kommunen, men vi er lova meir inntekter frå staten pga. koronasituasjonen, og organisasjonen jobbar for å ha kontroll på økonomien og kostnadene.

Regnskap og budsjett per konto					
Konto	Regnskap til	Rev. bud.	Forbruk %	Regnskap i fjer	Regnsk. i fjer til
► 1 Lann	277 456 173	416 124 084	66,7 %	424 233 991	265 048 790
► 2 Utgifter	142 510 629	233 724 023	61,0 %	311 089 792	151 177 632
► 3 Inntekter	-411 311 461	-649 648 107	-63,3 %	-739 294 341	-406 902 495
Netto resultat	8 655 522	0	0,0 %	-3 970 558	9 323 927

## Sjukefråvær

Sjukefråvær	Fravær korttid	Fravær langtid	Samlet fravær
Årleg sjukefråvær 2019	1,61 %	5,15 %	6,76 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,92 %	5,74 %	7,65 %
Sykefravær 3. kvartal 2019	0,97 %	3,53 %	4,50 %
Sykefravær 3. kvartal 2020	1,28 %	4,24 %	5,52 %

Per august 2020 gjekk sjukefråveret opp i Stryn kommune i høve same tid i fjer, frå 6,76 % til 7,65 %. Fråværet har stege noko i Helse og sosial samt Skule og kultur, men blitt redusert i Teknisk og Sentraladministrasjonen. Kommunedirektøren forventar at sjukefråværet vil stige i 2020 grunna konsekvensane av Covid-19.

## Månedssrapport August-2020

Stryn kommune tek det høge sjukefråværet på alvor. Kommunen vil styrke både leiar- og tilsettekompetansen innan temaet.

Framover vil kommunen ha eit stort fokus på å sjå sjukefråværdata i samanheng med andre datakjelder som 10-faktor undersøkinga, vernerunder ol. Det er og viktig å forstå kva som særmerker avdelingar med lite fråvær.

## Status investeringar pr. 2. tertial 2020

### Investeringar Sentraladministrasjonen

Investering	Rev.bud.	Rekneskap hiå	Kommentar på status
16033: Vikane - vaktmeisterbil	180 000	205 000	Bil innkjøpt
16035-EPC Alt:2	8 000 000	292 000	Er igangsett
22095:Stryn voksenopplæringssenter	16 000 000	14 457 000	Nærmar seg fullført
22101: Barnehage-Loen	5 600 000	0	Arkitekt har utarbeida skisse, Prosjekt utsett p.g.a manglende flausone- og kvikkleirekartlegging
22105: Olden skule- oppgradering gymsal	500 000	358 000	Ferdigstilt innanfor budsjett
22107: Parkering Nordsida skule/bh med utbetring veg	800 000	0	I gangsett.
24020 Tønning barnehage - Uteareal (oppgradering overvassystem)	550 000	428 000	Nærmar seg fullført
34091 Vikane omsorgssenter - rehabilitering	50 000 000	99 000	Er under planlegging i samarbeid med husbanken.
34092 Vikane omsorgssenter - Nye dører legekontor - lydisolasjon	100 000	27 000	Nærmar seg fullført

### Investeringar Teknisk

Investering	Rev.bud.	Rekneskap hiå	Kommentar på status
40009 Nykartlegging - ajourføring heile kommunen (flyfotokart)	500 000	475 000	Flyfotografert heile kommunen. Høgdegrunnlag for Utvik er levert. Ventar levering av ortofoto og kartgrunnlag ca juni 2021.
44076 Storesunde Nymark VA	5 750 000	224 290	Arbeider med prosjektering og anbodusutarbeiding.
44077 Ombygging Tyva vassverk - Ny grunnvassbrønn	1 925 000	0	Manglende gjennomføringsevne.
44078 Kartlegging og tilstandsvurdering av ledningsnett i Stryn sentrum	200 000	64 477	Arbeid pågår.
45074 Utbetring av skader - utsleppslinjer kloakk	400 000	0	Manglende gjennomføringsevne.
45075 Utbetring av lekkasje overvasssystem gbnr 58/44, Kreklingen	700 000	0	Vurdert i samband med Geilevegen.
46199 Storesunde - ny veg fram til forsamlingshus	2 350 000	81 536	Ferdig prosjektert. Utlysing i samband med VA-nymarka.
46207 Opprusting og sikring av kommunale vegar 2020	1 500 000	1 143 102	Arbeid pågår.
46209 Bygging veg med fortau Solvik - Leite	16 000 000	461 880	Ventar på avklaring om grunninndeleying. Prosjektering og anbodusutarbeiding pågår.
46210 Forsköttering gangveg Loen - Solvik	12 800 000	90 268	Søknad er trekt. Erstattat med søknad om delfinansiering 50/50. Forventar utbygging i fylkeskommunal regi.
48023 2 nye feiebilar 2020	1 525 000	0	Nye feiebilar er tatt i bruk. Gamle bilar er overført til brannvesenet.
48028 Tømnestasjon Stryn sentrum - oppgradering	250 000	159 635	Stasjon er kjøpt, men ikkje montert.
48029 Midlertidig tiltak brannstasjonar	3 300 000	1 417 434	Etablert og tatt i bruk på Stryn brannstasjon. Manglar tiltak i Olden og Utvik.

## Kommunen sine tenesteområder

### Sentraladministrasjon

#### Status økonomi

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rev. bud. hiå. 2020	Regnskap hiå. 2020	Avvik hiå. 2020	Rev. bud. 2020	Forbruks %	Avvik i kr	Bud.endr.
10-Politisk styring	2 778	3 284	-505	4 279	76,7 %	995	0
11-Rådmannsavdeling	2 937	2 854	83	4 575	62,4 %	1 721	0
12-Økonomiavdeling	5 773	13 058	-7 284	8 871	147,2 %	-4 187	0
13-Personalavdeling	3 225	2 956	270	5 099	58,0 %	2 144	0
14-Plan- og næringsavdeling	5 471	4 745	726	8 460	56,1 %	3 715	0
15-Bygg- og vedlikehaldsavdeling	23 969	21 225	2 744	36 898	57,5 %	15 673	0
16-Avdeling for service- og kommunikasjon	3 399	3 853	-453	5 361	71,9 %	1 509	0
17-Fellestenester	72	39	32	108	36,5 %	68	0
18-Tru- og livssynsamfunn	4 930	3 000	1 930	7 398	40,6 %	4 398	0
<b>Sum</b>	<b>52 555</b>	<b>55 012</b>	<b>-2 458</b>	<b>81 049</b>	<b>67,9 %</b>	<b>26 037</b>	<b>0</b>

#### Kommentar til status økonomi

Samla sett, så er økonomisk status for sentraladministrasjonen at ein er innafor budsjett. Noko meirforbruk på enkelte området, og spesielt på økonomiavdelinga skyldast dette at kostnadene som skal fordela ut i andre ansvar/tenester i kommunen, samt fordeling av kostnadene mellom Nordfjordkommunane, blir gjort på slutten av året.

#### Status økonomiplantiltak

Beløp i 1000

Tiltak	Vedtatt budsjett	Status	Statusbeskrivelse
<b>Nye tiltak</b>			
Leiarutdanning	0	I arbeid	Planlegginga har starta, men er utsatt på bakgrunn av korona m.m.
Nytt alarmsystem, barnevern, flyktning	75	I arbeid	Under arbeid.
Fagbrev på jobb	100	I arbeid	Er påstarta.
Nytt telefonsystem	200	I arbeid	Telefonreglement er godkjent, og arbeidet vil bli vidareført gjennom året.
Stilling som planleggar	200	I arbeid	Har søkt Miljødirektoratet om tilleggsmidler til planlegging. Stillinga er utlyst.
Bilstrategi "Grønt skifte"	250	I arbeid	Har starta opp, men gjenstår ein del planlegging.
Oppvekstsenter Innvik	400	I arbeid	Arbeidet er oppstarta.
HMS og vernerunde	550	I arbeid	Blir gjennomført gjennom året.

## Månedsrappport August-2020

*Beløp i 1000*

Tiltak	Vedtatt budsjett	Status	Statusbeskrivelse
Sysselsettingsprosjekt	588	Ferdig	Er iverksatt.
50118- Ny vaktmeisterstilling	610	Ferdig	Tilsett frå 20. juli.
<b>Sum</b>	<b>2 973</b>		
<b>Sum tiltak</b>	<b>2 973</b>		

## Skule og kultur

### Status økonomi

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rev. bud.	Regnskap	Avvik hiå.	Rev. bud.	Forbruks	Avvik i kr	Bud.endr.
	hiå. 2020	hiå. 2020		2020	%		
20-Administrasjon skole og kultur	1 281	1 567	-286	2 024	77,4 %	457	0
21-Grunnskule	65 954	63 147	2 807	103 995	60,7 %	40 848	0
22-Skulefri	1 051	1 368	-317	1 837	74,5 %	469	0
23-Barnehage	36 915	40 219	-3 304	58 513	68,7 %	18 295	0
24-PPT	31	1 937	-1 906	200	968,4 %	-1 737	0
25-Vaksenopplæring	470	-335	805	986	-34,0 %	1 321	0
27-Kultur	7 172	8 634	-1 462	11 229	76,9 %	2 595	0
<b>Sum</b>	<b>112 873</b>	<b>116 535</b>	<b>-3 663</b>	<b>178 784</b>	<b>65,2 %</b>	<b>62 249</b>	<b>0</b>

### Kommentar til status økonomi

Koronasituasjonen med stengde skular og barnehagar, i tillegg til avlysing av alle arrangement, gjer at den periodiserte reknaskapsrapporten ser noko annleis ut enn han elles gjer.

Det kan sjå ut som vi har eit overforbruk på 3,7 mill. Det har vi ikkje. Tilskotet til Stryn Bedriftsbarnehage vert betalt ut kvartalsvis, men lagt til forfall for heile året. Når det er lagt til forfall, blir det rekneskapsført. Dvs at det er rekneskapsført ca 2,5 mill meir enn det vi faktisk har betalt ut i perioden. Det betyr igjen at vi samla har eit over forbruk på ca 1 mill. Det har igjen samanheng med sviktande inntekter som følgje av stengde barnehagar, SFO, skular, kulturskule og symjehall i vår. Kulturhuset har fungert som testsenter og ekstra klasserom i ein krevjande periode. Dei har nesten ikkje hatt ordinær drift, og såleis sviktande inntekter.

### Administrasjon skole og kultur

Feilbudsjettering på løn som blirrettast opp etter lønsoppgjerset

### Grunnskule

Har eit underforbruk på ca 2,8 mill. Stengde skular under koronautbrotet gjorde at vikarbruken gjekk ned. Det er også eit mindre forbruk på andre utgiftspostar grunna stenging.

### Skulefri

Har eit overforbruk på ca 300 000 grunna stenging i vår medt mindre inntekter for brukarbetaling.

### Barnehage

Barnehage ligg over periodisert budsjett grunna at tilskot til private barnehagar er rekneskapsført for heile året og fråvere av brukarbetaling under nedstenging.

### PPT

PPT skal gå i 0 ved årsslutt grunna interne føringar frå fellesdrift skule og barnehage

### Vaksenopplæring

## Månedsrappport August-2020

Det meste av tilskotet er rekneskapsført så dette vil jamne seg ut ved årsslutt

### Kultur

Kultur ligg ca 4,6 mill over periodisert budsjett. Dette skuldast svikt i inntekter som følgje av avlyste arrangement og stengde tilbod. Kulturhuset har praktisk talt ikkje vore i bruk i perioden.

### Status økonomiplantiltak

*Beløp i 1000*

Tiltak	Vedtatt budsjett	Status	Statusbeskrivelse
<b>Nye tiltak</b>			
66055: Ny bygdebok	25	I arbeid	Renter på rentefritt lån
66147: Drift av Dagsturhytta	30	I arbeid	Kr. 10 000 er utbetalt som tilskot til Indre Nordfjord Turlag for dagleg drift. Resten går til dekking av utgifter
Abonnement tilskuddsportalen	50	I arbeid	Klar til bruk
66144: Strynehallen drift/utstyr	100	I arbeid	Går til oppgradering av utstyr
"Løpende opptak" i barnehage	250	I arbeid	Dei som søker har fått plass. Loen og Olden er fylt opp, og det er få plassar i Stryn sentrum fordi dei minste barna i Loen har sitt tilbod i Vikalida etter avslutta bruk av Loen bygdehus. Dei andre barnehagane har ledig kapasitet. Fyller alltid opp når barn flyttar.
66149: Kulturhus - ny stilling 50 %	289	I arbeid	Tilsett fekk utvida si stilling frå 01.01.2020
Driftstilskot til turløyper og idrettsanlegg	300	I arbeid	Vert tildelt etter søknad til hausten
<b>Sum</b>	<b>1 044</b>		
<b>Sum tiltak</b>	<b>1 044</b>		

## Helse og sosial

### Status økonomi

*Beløp i 1000*

Tenesteområde	Rev. bud. hiå. 2020	Regnskap hiå. 2020	Avvik hiå. 2020	Rev. bud. 2020	Forbruks %	Avvik i kr	Bud.endr.
30-Administrasjon helse og sosial	4 704	-1 866	6 571	7 197	-25,9 %	9 063	0
31-Flyktningtenesta	5 604	4 962	641	8 855	56,0 %	3 893	0
32-Pleie- og omsorg Vikane	22 338	23 422	-1 084	35 684	65,6 %	12 262	0
33-Pleie- og omsorg Stryn	41 222	43 673	-2 451	65 661	66,5 %	21 988	0
34-Miljø- og velferd	29 327	34 260	-4 933	46 735	73,3 %	12 475	0
35-Helsetenester	13 453	15 007	-1 553	20 931	71,7 %	5 925	0
36-Kommunale bustadar	-7 033	-5 994	-1 039	-10 552	56,8 %	-4 558	0
37-Sosiale tenester (NAV)	4 358	3 705	653	6 669	55,6 %	2 964	0
38-Barnevern	4 609	4 881	-271	7 222	67,6 %	2 342	0
<b>Sum</b>	<b>118 582</b>	<b>122 050</b>	<b>-3 467</b>	<b>188 402</b>	<b>64,8 %</b>	<b>66 353</b>	<b>0</b>

### Kommentar til status økonomi

#### Administrasjon helse og sosial:

Pga feilføring av midlar frå Husbanken til startlån ser det ut som stort mindreforbruk. Dette vil bli retta opp. Administrasjon helse og sosial ligg an til å gå i balanse ved slutten av året.

#### Flyktningtenesta:

Viser mindreforbruk grunna mindre utbetaling av introduksjonsstønad. Dette fordi vi har motteke færre flyktningar enn budsjettert, og dermed færre som mottek introduksjonsstøand. Færre flyktningar vil på den andre sida gje mindre utbetaling av integreringstilskot til kommunen. I tillegg vil vi få kostnad på overføring av integreringstilskot til andre kommuner grunna flyktningar som har flytta frå Stryn i integreringstilskotsperioden. Desse krava er ikkje utbetalte enno og ligg såleis ikkje i rekneskapen for 2. tertial. Samla rekneskap for Stryn kommune innan flyktningområdet er difor noko svakare enn det framgår av rapporterte tal.

#### Pleie- og omsorg Vikane:

Noko mindreforbruk på fastløn, men overforbruk vikrar, tillegg, overtid m.m. Det er ikkje ført inntekt ved internsal, men dette vil bli justert opp mot bruk av vikarpool. Brukarbetaling noko høgare enn budsjettert. Vil samla sett kunne gå i balanse ved årsslutt.

#### Pleie- og omsorg Stryn

Mindreforbruk på fastløn, men overforbruk på bl.a. overtid. Det er heller ikkje her ført inntekt ved internsal, men vil bli justert. Vil samla sett kunne gå i balanse ved årsslutt.

#### Miljø- og velferd

Ligg noko under budsjett med fastløn, men overforbruk på bl.a. anna ekstrahjelp og overtid. Det skuldast i all hovudsak situasjonar som krev meir bemanning. Dette gjeld ofte ressurskrevjande brukarar. Refusjon frå staten for ressurskrevjane brukarar er ikkje utbetalt, så difor eit stort meirforbruk samla sett på einga.

## **Helsetenester**

Stort meirforbruk grunna lønsutbetaling til legane under koronakrisa. Vidare har det vore store kostnadsknytt til vikarlegar. Det er ikkje utbetalt kostnadar til interkommunale helsetenester. Dette skjer i slutten av året og vil forverre det økonomiske resultatet for eininga.

## **Kommunale bustadar**

Mindre husleigeinntekter enn budsjettet. Dette pga ledige bustadar.

## **Sosiale tenester (NAV)**

Ikkje auke i sosialhjelpsutbetaling trass koronakrise.

## **Barnevern**

Stort meirforbruk på fosterheimskostnadene, og noko overforbruk på kjøp av tiltak frå staten.

## **Status økonomiplantiltak**

*Beløp i 1000*

Tiltak	Vedtatt budsjett	Status	Statusbeskrivelse
<b>Nye tiltak</b>			
Veilederen.no	0	Ferdig	Vi har bruk avsett fond til dette. Stor tilfredsheit med abonnementet.
Alarmsystem Vikane omsorgsenter, Reedbakken	50	I arbeid	Vert arbeidd med å innhente pris og gjere avtale om installasjon
Auke 0,12 stilling LIS1 rettleiar	96	Ferdig	Lege med deltidsstilling har fått auka si stilling frå 0,08 stilling til 0,2 stilling
Utsyr legevaktbil, daglegevakt Stryn	120	Ikke startet	Det er meldt behov om ny bil framfor å utstyre gammal bil som hører til legevaka pr. i dag.
50 % stilling flyktningstenesta	289	Ferdig	Tilsett 1,0 stilling i flyktningstenesta
Flyktningstenesta auke med 0,5 % stilling	300	Ferdig	sjå forrige tiltak
Auke 0,5 stilling heimesjukepleien Vikane	419	Ferdig	Er gjort tilsetjing.
Auke i interkommunal teneste, legevaktformidling	429	I arbeid	Vil kome som kostnad i slutten av året når vi får faktura for interkommunale helsetenester
<b>Sum</b>	<b>1 703</b>		
<b>Sum tiltak</b>	<b>1 703</b>		

## Teknisk

### Status økonomi

*Beløp i 1000*

Tenesteområde	Rev. bud.	Regnskap	Avvik hiå.	Rev. bud.	Forbruks	Avvik i kr	Bud.endr.
	hiå. 2020	hiå. 2020		2020	%		
40-Teknisk drift	439	1 346	-907	934	144,0 %	-411	0
41-Kart og oppmåling	1 219	1 324	-105	1 947	68,0 %	623	0
42-Byggsaker og regulering	687	956	-269	1 124	85,1 %	168	0
43-Brann- og ulykkesvern	4 338	4 844	-506	6 812	71,1 %	1 967	0
44-Kommunalteknikk	9 030	4 765	4 264	13 870	34,4 %	9 104	0
<b>Sum</b>	<b>15 713</b>	<b>13 236</b>	<b>2 477</b>	<b>24 687</b>	<b>53,6 %</b>	<b>11 451</b>	<b>0</b>

### Kommentar til status økonomi

#### Teknisk drift:

Lønsfordeling for uteseksjonen blir fordelt kvartalsvis, dermed er ikke 3. kvartal med i denne oversikta. Anna lønsfordeling blir fordelt ved slutten av året.

#### Kart og oppmåling:

Auke i konsulenttenester i samband med klagesak for eigedomsskatt. Elles mindre inntekter på oppmålingsgebyr enn budsjettet.

#### Byggesak og regulering:

Meirforbruk skuldast lønsutgifter til ekstrahjelp på byggesak for å ta unna stor saksmengde på avdelinga.

#### Brann og ulykkesvern:

Avvik har si årsak i at inntektene frå feie/tilsynsgebyra først blir inntektsført i rekneskapen i oktober.

#### Kommunalteknikk:

Rimeleg ajour i forhold til budsjettet.

### Status økonomiplantiltak

*Beløp i 1000*

Tiltak	Vedtatt budsjett	Status	Statusbeskrivelse
<b>Nye tiltak</b>			
88025 2 pipekamera feiling	0	Ferdig	Fekk kun kjøpt 1kamera pga pris.
40011 Sommarstudentar frå NTNU - Forskningprosjekt (Wild Waters)	50	Ikke startet	Blei ikkje noko av, pga korona.
86056 Revurdering av kommunale vegar	100	I arbeid	Det blir arbeidd med førebuing av sak til politisk handsaming.
<b>Sum</b>	<b>150</b>		
<b>Sum tiltak</b>	<b>150</b>		